

# Vanylvsposten

NR 1 ÅRGANG 1 16.06.2010

<http://vanlvn.pedit.no/web/>

## Samling

Aktivitetdagen på Åheim skule vart ei allsidig oppleving for elevar frå heile kommunen. Men det aller viktigaste er å få møtast, og vere saman, slik at vi blir betre kjent på tvers av bygdene.



Gladfjeset til Carsten Øren 5. kl Fiskåbygd,

## Fotball

Ikkje uventa var det fotballgruppene som trekte mest folk, og med fulle grupper i tre økter fekk lærarane nok å halde fingrane i. Side 4

## Fiskelykke

Det var mange som fekk napp på fisketuren i Sundalen. Noko av fangsten kan nytast på side 5



## Aktivitetdagen på Åheim skule

I år var det den aller første gongen det vart arrangert aktivitetssdag for alle mellomtrinnslevane i Vanylven. Og det var Åheim skule som hadde ansvaret for opplegget. Heile mellomtrinnet i Vanylven kom til Åheim. Aktivitetssdag er ein dag der vi får sjansen til å møte nye folk og ha det litt moro med ulike aktivitetar.

Av aktivitetane var det matlaging, tur i fjøra, klatring, dans, turning, fotball, stjerneorientering, magnetmoro og avistekstar.

Når matpausen kom, blei det servert bagettar, svele og saft . Det var store mengder med mat også men det er jo ei selvfølge når heile mellomtrinnet i Vanylven kjem !

# Aktivitetsdagen på Åheim Skule

Anna Belden, 5. kl

Det er mange elevar frå andre skular i frå Syvde og Åram og Fiskå og Rovde 😊 Det er veldig masse forskjellige stasjonar å gjere masse på for eksempel: gitar eller turn eller fotball i ballbingen eller på grusbana 😊 Det er blant anna: avis og tur i fjøra, fiske eller stjerneorientering 😊

## Gitar

-Aurora A. Knardal -

På gitar lærte eg tre nye grep, det var spennande. Gitarlæraren var ein kjekk mann som heite Trond, han var flink å lære frå seg. Vi bjunde på ei song so heite every body hurts av gruppa R.E.M, det er ein ganske fin song. Grepa eg lærte heite e og e-moll det var nokon av dei fem grepa vi lærde på 45minutt. Det var ei ganske so kjekk opplevelse.



Torgeir Sætrenes og Marcus E. Beitveit



Lærer Ingolf i bakgrunnen. Nærest kamera Sunniva og Malin

## Gitar

Elias Nygård

Det var to grupper på gitar i år. På gruppe to lærte vi Hounddog av Elvis Presley og Haba habab! av Torbjørn Nilsen og vi prøvde oss på Lean on me av Billy Withers det vil si prøvde. Og vi lærte oss grunn grepa C ,D, A7 ogG

## Gitar 😊

---

Tone-Lise Hellebust

På gitar lærte vi masse rart,  
Vi hadde songar frå Elvis- Hound dog til barnesongar.  
Det var kjempe kjekt.

Ingolf var ein kjempe god lærar og vi lærte D , A og G, nokre av oss lærte C, men den var vanskeleg for andre.


Vi hadde to gruppe som spelte gitar og det var en med Ingolf og den andre med Trond og han var sikkert like god lærar som Ingolf.

## Klatring


Julie Strand

Vi starta med å ha på oss selar og stramme dei. Etter det lærte vi ein knute som heite åttetals knute. Åttetalsknuten sikra oss når vi klatra. Alle fekk prøve å klatre minst ein gong. Vi kunne velje den vanskeligast klatreveggen om vi ville, men det var det ingen på mi gruppe som greidde. Dei fleste klarte å klatre til toppen på den lettaste klatreveggen og kike over. Vi måtte rappellere ned igjen. Det var to stk som sikra oss, ei dame og en mann. Det var mange som klarte å nå toppen på den nest lettaste klatreveggen og klokka

gjekk fort å plutselig var timen over og vi måtte gi oss på klatringa.



Sivert Solheim Sandnes



Viktig med god sikring: Marius Ekremsæter og Janne Berit Vik Breiteig

# Fotball i ballbingen!

Martine Velsvik Bondhus.

Vi spelte fotball i ballbingen, vi hadde 4 lag, A B C og D. Alle synst det var gøy, trur eg.

Det var 5 –7 klasse som spelte. Vi har ein aktivitets dag på Åheim, kjempe kjekt. Vi var frå

Rovde, Syvde, Fiskå, Åram, og Åheim . Eg synst det var kjekt og spele. Det kjem til å bli ein spennande dag med utfordringar og god mat.

## Fotball i ballbingen 1.økt

Sindre Thue

Vi var 21 elevar fordelt på 5 skular. Det var både jenter og gutar som var aktive og spelte fotball. Myklebust skule , Åheim skule, Fiskåbygd skule , Rovde skule og Åram skule. Det var 4 lag. Lag A , lag B , lag C og lag D. Det vart spelte 3 kampar på kvart lag i kvar økt. lag A og B var fyrste laget i aksjon. Ottar Sande hadde ansvar for gruppa. I løpet av dagen skal det vere 50 elevar innom dinna aktiviteten.

Resultat:

- 1.Kamp : Seier til lag B
- 2.kamp : Seier til lag C
- 3.kamp : Seier til lag C
- 4.kamp : Seier til lag A
- 5.kamp : Seier til lag B
- 6.kamp : Seier til lag A



## Ut på golvet

Her ser vi Trude Sætre i full sving med fullt av 6. klassingar på golvet. Trim og moro samtidig.

## Fiske

Erlend Nystøyl:

Vi hadde det kjekt på Peridotplassen og rundt Grubsevatnet med fiske. Vi fekk litt kjeft, men hadde det mest kjekt.

Eg fekk ikkje fisk, men mange andre fekk



## Fjøra

Ane Linette Karlsen

Vi var personar frå 5-7 klasse som gjekk i fjøra. Vi blei delt inn i 4 grupper. Alle gruppene lagde eit sandslott.

Vi brukte spade og bøtte, og i tillegg fant vi skjell og tang til pynt. Vi måtte jo selvfølgelig ha eit flagg på toppen!

Eg tok ein kvist med eit blad på. Og det var det. Seinare skulle vi kåre kva slags slott var best. Og det var gruppe nr.3. Den var eg dessverre ikkje på. Men vi hadde det kjekt og vi var heldige med været. Det skya over men det var mildt og deilig. ☺

## Matlaging på kjøkkenet og på SFO!

Jørgen A Sjøstad Belden

Elevar frå forskjellige skular var tilstades : Myklebust skule, Rovde Skule, Åram skule, Åheim skule, Fiskåbygd skule. Vi lagde ca 230 – 240 sveler + smurte ca 200 – 210 baguettar. Og vi lagde mange saftflasker!

Aud Bodil, Annlaug, Oddfrid, Jorunn, Hilde Jeanette var tilstades av lærarar.

Maten vart veldig likt! Der litt svele att! Og eit par baguettar.

## Magnetmoro

Erlend Thue og Sondre Aa Løvold

Vi var 8 elevar frå dei ulike skulane i Vanylven. Undervisaren var Marina frå Fiskå skule. Vi begynte med teori. Vi lærte om svovelpulver og jernpulver. Det kjemiske symbolet for Svovelpulver er ein S og det kjemiske symbolet for Jernpulver er Fe. Etterpå gjorde vi eit forsøk der vi blanda svovelpulver og jernpulver.

Etter vi hadde blanda dei tok vi dei oppi eit reagensrør og festa det over ein gassbrennar. Alle måtte ha vernebriller. Vi kokte det opp og det smelta og vart til jernsulfid. Vi måtte vente til det vart kaldt og då brukte vi ei digeltang for å få opp jernsulfiden. Jernsulfid er ei blanding av svovel og jern. Det virkar som ein magnet, og ser ut som stein.

## Naturfagmoro



Ruben Nordal Santos  
i aktivitet på naturfagromet



## Turn

Berit lærte oss å bruke trampett, og vi fekk svinge oss i ringane.

## Teikning

Robin Vedvik

På 7. klasseromet hadde vi teikning med ho Ellen. Det var kjekt å teikne. Vi teikna ein klovn og eit ansikt.

## Lysstøyping

Lise Marlen Kragseth Sylte og Astrid Eline L. Sande

Vi venta ei stund til å begynne med, medan stearinen smelta. Så sette vi på veiken og Gunhild tømte lysmassa opp i forma. Så venta vi litt, og tømte i litt og litt masse etter kvart. Medan vi venta farga vi teikning og fann 7 feil. Når lyset var ferdig i forma måtte vi vente til det hadde stivna skikkeleg. Til slutt kunne vi presse det ut av forma og då vi var ferdig kunne vi ta det med oss heim.



## Music in the night



Aktivitetdagen 2010 vart avslutta med førestilling i gymsalen, der 7. klasse ved Åheim skule viste sin musikal. Publikum sat fjetra den drøye halvtimen det tok å sverme innom ulike kjente musikal-låtar. Vi fekk høyre Olai Viken si nydelege stemme syngje "Can you feel the love tonight". Vi fekk sjå skodespelaren Asbjørn B. Jensen sin artige versjon av den noko fordrukne brudgomen. Han sang "Get me to the church in time".

Elles var vi innom vakre jenter og barske gitar, med både rock og peace and love. Alle dei flinke levane på scena kosa seg, og det vonar vi at publikum også gjorde



Frå avsluttinga på musikalen til 7. klasse på Åheim skule

# G L I M T F R Å D A G N E I G N



Vanylvsposten